



Sunnfjord
kommune



Planprogram Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 - 2033

Framlegg til endeleg fastsetting – Sunnfjord formannskap
11.06.20

Innhald

| | |
|---|----|
| Planprogram..... | 1 |
| Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 - 2033..... | 1 |
| 1 Innleiing..... | 4 |
| 2 Bakgrunn og føremål..... | 4 |
| 2.1 Kommuneplansystemet..... | 4 |
| 2.2 Nasjonale forventningar til kommuneplanarbeidet..... | 5 |
| 2.3 Val av tema og problemstilling..... | 5 |
| 3 Sunnfjord kommune – utviklingstrekk og utfordringar framover..... | 7 |
| 3.1 Utviklingstrekk i Sunnfjord kommune..... | 7 |
| 3.1.1 Demografiske endringar..... | 7 |
| 3.1.2 Mindre tilflytting og reduserte «barnekull»..... | 10 |
| 3.1.3 Næringsutvikling..... | 11 |
| 3.2 Globale megatrender..... | 13 |
| 3.3 Forventningar til framtidens kommune..... | 13 |
| 3.4 Folkehelse og sosialt berekraftige samfunn..... | 14 |
| 3.5 Plan for klimaomstilling i Sunnfjord kommune, miljø og ROS-analyse..... | 15 |
| 3.6 Oppsummering utviklingstrekk og utfordringar..... | 15 |
| 4 Satsingsområde i samfunnsdelen..... | 16 |
| 4.1 Intensjonsavtalen: Mål for ny kommune..... | 16 |
| 4.2 Sunnfjord kommune sin visjon..... | 17 |
| 4.3 FN sine berekraftsmål..... | 17 |
| 4.4 Arealstrategi..... | 18 |
| 5 Organisering av planarbeidet..... | 19 |
| 5.1 Prosjektorganisering..... | 19 |
| 5.2 Overordna framdriftsplan..... | 19 |
| 5.3 Medverknad..... | 20 |
| 5.4 Detaljert framdriftsplan..... | 21 |

1 Innleiing

Kommunane Førde, Gaular, Naustdal og Jølster vart Sunnfjord kommune frå 01.01.2020. Det skal no utarbeidast ein kommuneplan for den nye kommunen. Dette planprogrammet omtalar korleis vi skal jobbe for å utarbeide kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033 for Sunnfjord kommune.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet og kva for hovudspørsmål/satsingsområde planarbeidet skal ta opp, planprosess og medverknad, aktuelle strategiske val/alternativ og utgreiingsbehov.

Som ein del av planarbeidet, vil det også bli utarbeidd og lagt opp til vedtak av kommunal planstrategi. Planstrategien vil bli utarbeidd samtidig med – og som ein integrert del av samfunnsdelen. Dette etter pbl. § 10-1, fjerde ledd.


2 Bakgrunn og føremål

2.1 Kommuneplansystemet

Det kommunale planarbeidet med krav om prosess og medverknad er nedfelt i kommunelova generelt og meir detaljert i «Lov om planlegging og byggesaksbehandling» (plan- og bygningslova – pbl) frå 2008. Dei viktigaste delane i eit kommunalt plansystem er:

- Planstrategien – som drøftar kva planoppgåver som bør vidareførast eller starte opp for å legge til rette for ønska utvikling i kommunen dei komande 4 åra.
- Kommuneplanen – som består av ein samfunnsdel og ein arealdel i eit 12-års perspektiv
- Kommunedelplanar som tar føre seg eitt eller fleire fagområde
- Reguleringsplanar som består av konkret utforma endringsforslag og detaljar for avgrensa areal.
- Handlings- og økonomiplan med talfesta rammer og konkrete tiltak i eit eittårs perspektiv.

Kommuneplanen sin samfunnsdel (pbl § 11-2) skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Den skal vere grunnlaget for sektorane sine planar og verksemda i kommunen. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel/økonomiplan som seier korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Handlingsdelen/økonomiplanen skal reviderast årleg.



Figur 1 Skjematisk oversikt over det kommunale plansystemet

2.2 Nasjonale forventningar til kommuneplanarbeidet

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar. I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» peikar regjeringa på 4 store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosial berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har også sagt at FN sine 17 berekraftsmål skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i kommunane.

2.3 Val av tema og problemstilling

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal legge føringar for korleis vi ynskjer at Sunnfjord kommune skal utvikle seg – både som samfunn, men også som organisasjon. Sidan Sunnfjord kommune nyleg er etablert og vi ikkje har noko kommuneplan for den nye kommunen, er det ynskjeleg at vi får vedteke ein kommuneplan så snart som mogeleg for å legge til rette for ynskt utvikling.

Dei 4 kommunestyra i Førde, Gaular, Jølster og Naustdal vedtok i 2015 ein intensjonsavtale for samanslåingsprosessen. Denne intensjonsavtalen seier noko om målsettingane med å slå seg saman og korleis vi ynskte å utvikle organisasjonen og samfunnet Sunnfjord kommune. Sjølv om Sunnfjord kommune no er etablert, må vi likevel jobbe vidare for å nå målsettingane i intensjonsavtalen.

Målsettingane er sentrale for dei utfordringane kommunen står overfor også i dag, og vi meiner dei er svært relevante å jobbe vidare med. For å avgrense omfanget av planarbeidet, ynskjer vi derfor å bygge vidare på intensjonsavtalen når vi utarbeider forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Sunnfjord kommune har utarbeidd visjon og verdiar for kommunen som organisasjon. Visjonen er: «*Saman blir vi drivande gode*». Verdiane er EIN: Engasjert, Inkluderande og Nær. Desse vert i dag aktivt nytta internt i organisasjonen for å styrke fellesskapskjensla og for å vise retning for korleis vi ynskjer å vere overfor innbyggjarane våre. Vi tilrår derfor å byggje vidare på desse når vi legg målsettingar for korleis vi skal utvikle oss som organisasjonen Sunnfjord kommune.

Regjeringa har sagt at FN sine berekraftsmål skal implementerast i planarbeidet. Desse vert også eit naturleg tema i planarbeidet.

Oppsummert ynskjer vi derfor å legge til grunn at arbeidet med planstrategi og Sunnfjord kommune sin samfunnsdel til kommuneplanen skal bygge på:

- Intensjonsavtalen for Sunnfjord kommune
- Sunnfjord kommune sin visjon og verdiar
- FN sine berekraftsmål


3 Sunnfjord kommune – utviklingstrekk og utfordringar framover

Som grunnlag for planarbeidet, er det viktig å ha kunnskap om relevante utviklingstrekk i kommunen, folkehelse, kva globale trendar vi står overfor og kva forventningar som ligg til kommunane. Vi vil gjennom planarbeidet jobbe vidare med å auke kunnskapen kring dette og korleis vi skal gripe tak i utfordringane. Nedanfor har vi kort peika på nokre relevante trekk og utfordringar som vi bør ha med oss i arbeidet med samfunnsplanen og planstrategien.

3.1 Utviklingstrekk i Sunnfjord kommune

3.1.1 Demografiske endringar

3.1.1.1 Folketalsutvikling




Figur 2 Tal innbyggjarar i Sunnfjord 1995-204. Registrert utvikling 1995-2019 og framskrive utvikling 2020-2040. Kjelde: Alternativ MMMM til SSB


Prognosen til Sunnfjord syner at innbyggartalet vil vekse med 700 innbyggjarar frå 2019 til 2040. Dette er ein vekst på 6,5 % som er svakare enn det regionen har hatt dei siste 10 åra. På landsbasis ser ein same trend – folketalsveksten held fram, men på eit lågare nivå enn tidlegare. Veksten i Sunnfjord kommune kjem i tidlegare Førde og Gaular, medan det er ein forventa nedgang i folketallet i tidlegare Jølster og Naustdal. Er dette tilstrekkeleg vekst eller ynskjer vi å jobbe for ytterlegare vekst?

3.1.1.2 Endring i alderssamansetning


Folketalsframskrivingane syner ei vesenteleg endring i aldersamansetninga i Sunnfjord kommune mot 2040. Dette er viktig kunnskap å ha med oss inn i planarbeidet:



Figur 3 Alderssammensetning blant innbyggjarane i Sunnfjord kommune. Registrert utvikling 1995-2019 og framskrive utvikling 2019-2040. Kjelde: Alternativ MMMM til SSB



Figur 4 Born og unge frå 0-15 år i Sunnfjord. Registrert utvikling 1995-2019 og framskrive utvikling 2019-2040. Kjelde: Alternativ MMMM til SSB



Figur 5 Utviklinga i dei tre eldste aldersgruppene i Sunnfjord kommune. Registrert utvikling 1995-2019 og framskrive utvikling 2019-2040. Kjelde: Alternativ MMMM til SSB.

Endringa i alderssamansetning syner at vi blir færre yngre og fleire eldre. Trass i alt folketalet samla aukar, vil vi ha ein nedgang blant innbyggjarar i aldersgruppa 0-15 år. Nedgangen er særleg markant i planperioden 2020-2032. Samstundes får vi ein kraftig auke i den eldste delen av innbyggjarane. I aldersgruppa 67-79 år ser vi allereie no ein tydeleg vekst, medan veksten i aldersgruppa 80 år og eldre blir særleg markant frå ca. 2025 og framover. I 2040 – om 20 år – vil Sunnfjord kommune ha 1179 fleire innbyggjarar over 80 år enn i dag. Meir enn halvparten av denne auken kjem i Førde. Tidlegare Gaular kommune får også ein kraftig vekst, medan den er noko mindre i Naustdal og Jølster:


| | År 2020 | År 2040 | Antal opp | Prosent opp |
|----------------|---------|---------|-----------|-------------|
| Gaular 80-90 | 116 | 265 | 149 | 128 |
| Gaular >90 | 49 | 69 | 20 | 41 |
| Jølster 80-90 | 133 | 237 | 104 | 78 |
| Jølster >90 | 40 | 66 | 22 | 55 |
| Førde 80-90 | 367 | 965 | 598 | 163 |
| Førde >90 | 87 | 228 | 141 | 162 |
| Naustdal 80-90 | 116 | 227 | 111 | 96 |
| Naustdal >90 | 36 | 70 | 34 | 94 |
| Sum | | | 1179 | |

Figur 6 Talet på innbyggjarar i alderen 80 år og oppover er venta å stige fram til 2040. Kjelde: Samhandlingsbarometeret.

Stortingsmelding 15 (2017-2018) *Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre* skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørende kan bidra utan at dei blir utslitne og at tilsette kan nytte sin kompetanse i tenestene. Meldinga sitt hovudfokus er å skape eit meir aldersvenleg Norge. Målsettingane i denne reforma er eit viktig grunnlag i vårt planarbeid når vi skal planlegge korleis vi skal møte dei demografiske endringane. Kva og kor mykje treng vi av helse- og omsorgstenester i åra framover? Korleis kan vi leggje til rette for at innbyggjarane held seg friske og aktive lenger? Kva treng vi av omsorgsbustader- og institusjonsplassar? Kva med skule- og barnehagekapasiteten i lys av dei demografiske endringane? Samstundes som vi får fleire eldre, vil vi også ha få ein lågare andel innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Korleis kan vi gjere oss attraktive nok for å kunne tiltrekke oss tilflyttarar i yrkesaktiv alder? Dette er sentrale spørsmål vi må ta stilling til i planarbeidet.

3.1.2 Mindre tilflytting og reduserte «barnekull»

Figuren under (Regionmelding 2018) viser at det har vore regioner med vekst i alle deler av landet. Mest markant har den vore langs kysten og i og rundt større og mellomstore byområder. Regioner med nedgang i folketallet finn vi hovedsakeleg i mindre innlandsregioner i Sør-Norge, samt relativt spreidde mindre regioner i Nord-Norge.



Etter ein periode med svært høg folketalsvekst, er veksten i landet no redusert. Lågare vekst skuldast i hovedsak endra nivå av innvandring, men også lågare fødselsoverskot. Arbeids-innvandringa har

gradvis avteke sidan 2012. Etter ei kraftig auke i innvandring på grunn av flukt for nokre få år sidan, er også denne no redusert. Samstundes går også innvandringa fra Norden og Øst-Europa ned. Sunnfjord kommune har hatt folketalsvekst grunna fødselsoverskot og innvandring frå utlandet. No når begge desse faktorane går ned, blir dette ei utfordring for Sunnfjord kommune både med tanke på å oppretthalde folketalet, men også i forhold til vidare vekst. Lokalsamfunnet må jobbe systematisk for å hente attende folketalsvekst også gjennom netto innflytting.

3.1.3 Næringsutvikling


Sunnfjord Utvikling (SU) er kommunen sitt utovervende nærings- og tiltaksapparat. Mykje av vår næringslivsatsing skjer via SU, medan kommunen vil prioritere sin næringslivsatsing til tilrettelegging, sakshandsaming, politisk bistand og arealplanlegging.

I kommuneplanssamanheng vil kommunen legge til grunn dei strategiar og satsingsområda som er vedteke i Strategiske næringsplan for Sunnfjord for perioden 2019-2022. Det er naturleg å bygge vidare på denne i samfunnsdelen. I planen vert det vist til at: *«Næringslivet har potensiale for vekst, men vår største utfordring er tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse»*. Dei demografiske endringane påverkar arbeidskraftbehovet negativt – det vert monaleg færre arbeidstakarar i 2040 samanlikna med i dag.

Sunnfjord kommune har over 12 000 arbeidsplassar der hovudtyngda er lokaliserte i Førde. Mange pendlar internt i den nye kommunen, slik at det er mange som både bur og arbeider innanfor kommunen.

Offentleg sektor er den største næringa i Sunnfjord med 43 % sysselsetting, men flest arbeidsplassar er det i privat næringsliv (6 905). Handel, bygg og anlegg og kompetanse/anna tenseteyting (finans, teknisk, juridisk og IT) har flest sysselsette i privat næringsliv. Førde er det største handelssenteret mellom Bergen og Ålesund. Vi har likevel hatt størst nedgang i sysselsette i handel, samt landbruk, dei siste 10 åra. Begge desse næringane er inne i ei tid med store endringar, der forbruket og handelsmønsteret kan forsterke denne utviklinga. Sunnfjord er den største landbrukskommunen i Vestland og har mange relaterte arbeidsplassar som baser seg på landbruksproduksjonen i regionen.

Sysselette etter næring, Sunnfjord kommune



| Type næring | 2008 | | 2016 | | 2017 | | Endring 2008-2017 | Endring 2008-2017 i % | Endring 2016-2017 | Endring 2015-2016 i % |
|-------------------|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------|--------------|-------------------|-----------------------|-------------------|-----------------------|
| Offentleg sektor | 4 578 | 40 % | 5 184 | 43 % | 5 190 | 43 % | 612 | 13 % | 6 | 0 % |
| Handel | 2 060 | 18 % | 1 772 | 15 % | 1 781 | 15 % | -279 | -14 % | 9 | 1 % |
| Bygg og anlegg | 973 | 8 % | 1 176 | 10 % | 1 321 | 11 % | 348 | 36 % | 145 | 12 % |
| Kompetanse | 885 | 8 % | 948 | 8 % | 971 | 8 % | 86 | 10 % | 23 | 2 % |
| Transport | 673 | 6 % | 666 | 6 % | 670 | 6 % | -3 | 0 % | 4 | 1 % |
| Anna tenesteyting | 596 | 5 % | 725 | 6 % | 696 | 6 % | 100 | 17 % | -29 | -4 % |
| Industri | 575 | 5 % | 580 | 5 % | 540 | 4 % | -35 | -6 % | -40 | -7 % |
| Jordbruk/skogbruk | 609 | 5 % | 404 | 3 % | 389 | 3 % | -220 | -36 % | -15 | -4 % |
| Reiseliv | 328 | 3 % | 334 | 3 % | 365 | 3 % | 37 | 11 % | 31 | 9 % |
| Anna | 158 | 1 % | 156 | 1 % | 148 | 1 % | -10 | -6 % | -8 | -5 % |
| Fiske | 16 | 0 % | 26 | 0 % | 24 | 0 % | 8 | 50 % | -2 | -8 % |
| Totalt | 11 451 | 100 % | 11 971 | 100 % | 12 095 | 100 % | 644 | 6 % | 124 | 1 % |

Figur 7 Sysselette etter næring i Sunnfjord kommune. Kjelde: Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019-2020

Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019-2020 har som overordna mål:

«Sunnfjord kommune skal vere ein sterk vekstregion i nye Vestland fylke»

Vidare er det sett følgjande mål:

1. Sunnfjord skal vere ein næringsoffensiv kommune. Vi skal vere eit naturleg fyrsteval for nyetableringar og vi skal utvikle eksisterande næringar
2. Sunnfjord skal vere ein kommune med urbane og landlege kvalitetar som er attraktiv for Ktilflytting
3. I Sunnfjord kommune skal næringslivet sitt behov for arbeidskraft med rett kompetanse bli tilfredsstilt
4. Sunnfjord kommune skal bidra til å styrke Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus, og legge til rette for auka innovasjon i tråd med statlege føringar

5. Sunnfjord kommune skal nytte naturressursane på ein berekraftig måte for å skape fleire arbeidsplassar i landbruket, i mineralnæringa og innan fornybar energi
6. Reiselivet skal vere ei berekraftig vekstnæring i Sunnfjord kommune, bygd på aktivitetar knytt til kultur og natur.

3.2 Globale megatrender

Verda er i stadig endring. I nyare tid er det særskilt nokre grunnleggande trendar som påverkar utviklinga – såkalla globale megatrender. Desse er knytt til:

- Klimaendring
- Demografisk endring
- Globalisering, urbanisering og digitalisering

Globale trendar påverkar både samfunnsliv, arbeidsliv og naturen over lang tid og i stort omfang. Den globale gjennomsnittstemperaturen aukar, dramatiske naturkatastrofar rammar verda og påverkar grunnleggande tilgang til ressursar. Demografien i store delar av verda vert påverka av synkande fødselsrater, aukande migrasjon, auka levealder og endra helseutfordringar. Vi blir fleire og fleire eldre, fleire flyttar til større byar, samstundes som økonomi, kultur og samfunn i aukande grad utviklar seg på tvers av landegrensar, uavhengig av fysisk avstand.

Digitalisering er den mest omfattande teknologiske trenden i vår tid, og pregar dei fleste samfunnsområde. Det endrar vår måte å kommunisere på, vere familie på, organisere liva våre og drive forretning på. Kommunikasjon er mindre stadavhengig, tilgang til informasjon er ubegrensa, robotisering erstattar og skapar arbeidsplassar.

3.3 Forventningar til framtidens kommune

Norske kommunar har mange roller og kommunane driv eit mangfaldig tenestetilbod. Dei er ein arena for lokaldemokratiet og tilretteleggjar for samfunnsutvikling både på nærings sida og når det gjeld å skape trygge og gode nærmiljø. Zynk Kommunikasjon har på oppdrag av KS gjort ein stordataanalyse¹ der dei mellom anna har undersøkt kva av kommunen sine oppgåver det er knytt ekstra sterke forventningar til i perioden 2018-2023.

Funna viser at det er 4 tema som skil seg særleg ut: omsorg, inkludering, næringsutvikling og stadutvikling. Aller høgast er forventningane om at kommunen skal legge til rette for næringsutvikling. Det heng truleg saman med uroen om det blir nok arbeidsplassar i framtida. Robotisering vil gje jobbdød for dei ufaglærte, medan kunstig intelligens vil fjerne etablerte høgkompetansejobbar. Forventningane er også høge når det kjem til inkludering av flyktningar. Innvandrings- og integreringspolitikk har over fleire år blitt viktige politiske tema, og etter flyktningkrisa i 2015 har det vore aukande merksemd kring desse spørsmåla.

Eit tiltakande omsorgsbehov grunna fleire eldre, medfører høge forventningar til kommunen som leverandør av omsorgstenester.

Dei høge forventningane til kommunen si rolle som stadutviklar vert forklart med følgjande:

¹ Zynk Kommunikasjon, Analyse & Leiing for KS: «Polarisert samfunn, eliter under press. Stordataanalyse av nasjonale og globale trender 2018-2023»
<https://www.ks.no/contentassets/88fcd4bb46ca40969085566916d8ceba/zynk-endelig-trendrapport-ks.pdf>

- Det har over tid vore auka merksemd mot stadutvikling både hjå nasjonale og lokale myndigheiter som ein reaksjon på utviklingstrekk som vert oppfatta som negative; frå sentrumsdød som følgje av kjøpesenter til sosial segregering.
- Det er stadig sterkare oppslutnad kring det å skape nære og trygge lokalsamfunn

Rapporten til Zynk Kommunikasjon viser også til at lokaldemokratiske institusjonar er omkransa av mykje negativ omtale, men at innbyggjarundersøkinga viser at nordmenn framleis har relativt stor tillit til politikarane. Det er forventningar om at saker knytt til sysselsetting og næringsutvikling blir viktigare i politiske debattar i kommunane, og det same gjeld saker som skatt, helse, klima og skule. Det er også store forventningar til at innbyggjarane skal inkluderast – særleg er det større forventningar om å nytte bindande folkeavstemmingar.

3.4 Folkehelse og sosialt berekraftige samfunn

Sosialt berekraftige samfunn handlar om at innbyggjarane våre har tillit til samfunnet og kvarandre, kjenner seg trygge, føler at dei høyrer til og har tilgang til arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Gjennom planprosessane kan kommunen legge til rette for ei sosialt berekraftig samfunnsutvikling.

Folkehelsearbeid har mykje til felles med den sosiale dimensjonen i FN sine berekraftsmål. Både sosial berekraft og folkehelse handlar om å fremme ei samfunnsutvikling som:

- Set menneskelege behov i sentrum
- Gjev sosial rettferd og like livssjansar for alle
- Legg til rette for at dei som bur i lokalsamfunnet, kan påverke forhold i nærmiljøet og elles i kommunen.
- Legg til rette for deltaking og samarbeid.

Kommunen si folkehelseoversikt gjev naudsynt kunnskap om påverknadsfaktorar, og er eit viktig utgangspunkt for planstrategien og planarbeidet i kommunen. Ei folkehelseoversikt for Sunnfjord kommune vil bli utarbeidd i planperioden. Spørsmål vi må stille oss er: korleis skal vi ivareta sosial berekraft i planarbeidet? Korleis integrere sosial berekraft i kommuneplanen og andre kommunale planar?

Folkehelseinstituttet utarbeider kvart år ein folkehelseprofil for kvar kommune. Dette er ein del av grunnlaget for arbeidet med folkehelseoversikta. Sunnfjord kommune har ein god folkehelseprofil og mykje å vere stolte av. Samanlikna med landssnitt har vi lågare andel som bur i hushald med låg inntekt, færre åleinebuarar over 45 år, ungdomsskuleelevar som er meir aktive, høgare forventa levealder, høgare andel innbyggjarar med vidaregåande skule eller høgare utdanning, svært god trivsel blant elevar i 10.klasse, fleire som opplever det trygt å ferdast i nærmiljøet og er nøgd med lokalmiljøet og lågare andel blant innbyggjarane som har hjarte- og karsjukdomar.

Ut frå folkehelseprofilen har vi ikkje dei store utfordringane, men vi vel likevel å peike på eit par mindre utfordringar som vi bør ha med oss: Vi ligg over landssnitt når det gjeld innbyggjarar som bur i leigd bustad i aldersgruppa 45 år og over. Å bu i eigen eigd bustad når ein er godt vaksen er viktig for å oppleve tilhøyre og tryggleik i eit lokalsamfunn.

Framleis har vi lågt fråfall i vidaregåande skule, og trenden i landet er at fråfallet minkar. I Sunnfjord kommune ser vi derimot at fråfallet er svakt aukande, og dette er derfor viktig å gripe tak i.

3.5 Plan for klimaomstilling i Sunnfjord kommune, miljø og ROS-analyse

Dei 4 kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal vedtok i 2019 ein felles plan for klimaomstilling i Sunnfjord. Denne planen skulle ligge til grunn for Sunnfjord kommune sin planstrategi og kommuneplan, og vere retningsgjevande for kommunen si verksemd, t.d. ved innkjøp. Måla og tiltaka der må vi derfor ta med oss inn i kommuneplanarbeidet.

Hovudmålet i planen er:

«Sunnfjord kommune – smartare, tryggare og grønnare»

Klimaomstilling omfattar både samfunnsendring, klimatilpassing og utsleppsreduksjon:

Smartare: Kvar einskild tar ansvar, og Sunnfjord kommune utviklar fagmiljø, kunnskap og næring

Tryggare: Bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn er tilpassa, og har redusert sårbarheit, i møte med dagens og framtidens klima

Grønnare: Sunnfjord kommune tar minst sin del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. Nasjonalt mål er 40 % utsleppskutt innan 203 i forhold til 1990-nivå.

Plan for klimaomstilling må også henge saman med risiko- og sårbarheitsanalysen for Sunnfjord kommune (ROS-analyse). Vi har i dag ein ROS-analyse som er utarbeidd i SIS-nettverket (Samarbeid i Sunnfjord). Mykje av denne analysen er gjeldande i dag, men det er eit behov for revisjon og oppdatering. Som ein del av planarbeidet ynskjer vi også gjennomføre ein revisjon av denne i samarbeid med Fylkesmannen i Vestland.

Sunnfjord har særmerka landskapsrom, landskapsvernområde og nasjonalpark som representerer stor verdi og representerer eit viktig biologisk mangfald. Det er også eit viktig å oppretthalde og forbedre miljøtilstanden i vassdraga.

3.6 Oppsummering utviklingstrekk og utfordringar

Kommuneplanarbeidet og arbeidet med planstrategi skal byggje på intensjonsavtalen, kommunen sin visjon og verdiar og FN sine berekraftsmål. I tillegg syner utviklingstrekk og forventningar at vi særleg må rette merksemda mot demografiske endringar, klimaendringar, globalisering, urbanisering, digitalisering, omsorg, inkludering, stadutvikling, næringsutvikling og sosial berekraft.

4 Satsingsområde i samfunnsdelen

Ettersom vi tar utgangspunkt i at kommuneplanen skal byggje vidare på intensjonsavtalen, kommunen sin visjon og verdier, er det naturleg å knytte satsingsområda til desse målsettingane, samt FN sine berekraftsmål.

4.1 Intensjonsavtalen: Mål for ny kommune

Intensjonsavtalen for samanslåing av kommunane Førde, Gaular, Naustdal og Jølster vart vedteke i dei 4 kommunestyra i juni 2015. Det er naturleg at målsettingane i intensjonsavtalen syner igjen i satsingsområda i kommuneplanen. Hovudmålet for samanslåinga var å:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

I tillegg vart det sett nokre delmål:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevalt styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

Det vart også vedteke at den nye kommunen skulle:

- Ha større førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod der dei er no
- Vere ein aktiv samfunns- og næringutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon

Intensjonsavtalen sa også at Sunnfjord kommune skulle jobbe for å hente nye oppgåver frå sentral og regional stat, og frå fylkeskommunen.

I vedlegget til intensjonsavtalen vart ein samde om å prioritere følgjande fellestiltak/satsingar:

- Prioritere følgjande prosjekt inn mot NTP/RTP:
 - RV 5 Kjørnesfjorden rassikring
 - RV5 Naustdal – Erdal samt Leversundet Flora, rassikring og framtidig løysing
 - E39 gjennom Gaular, Førde og Jølster – planleggingsmidlar og framtidig løysing i samsvar med stamvegutvalet sine prioriteringar
 - E39 Skjervsura og Våtedalen rassikring
 - FV57 Dale – Storehaug med bru over Svesundet. Rassikring og permanent løysing
 - Kryssing av Førdefjorden (Ålesundet) med tilførselsveg (Fv611) til Naustdal sentrum
- Utvikle flyplassen på Bringeland
- Høgastighets breiband, mobildekning og digitalisering
- Utvikle kulturinstitusjonane i indre Sunnfjord til beste for innbyggjarane og reiselivsnæringa, samt auke kunnskapen og interessa for ulike kulturuttrykk i regionen
- Satse på og vidareutvikle sentrale idretts- og fritidsanlegg i kommunane til regionanlegg
- Satse på fortrinn basert på naturressursar (turisme, vasskraft, fjordenergi, mineral etc)
- Utvikle senterstrategi for lokalsentra i kommunen (kollektivtilbod, bustadfelt, næring, møteplassar)

4.2 Sunnfjord kommune sin visjon

Følgjande visjon og verdier er vedteke for Sunnfjord kommune som organisasjon:



I planarbeidet ynskjer vi særleg å sjå på korleis vi skal styrke fellesskapskjensla i Sunnfjord kommune – korleis skal vi oppleve at vi er ein kommune og ikkje fire, korleis skal vi jobbe for at vi snakkar om oss og ikkje dei, korleis skal vi jobbe for at innbyggjarane våre skal oppleve oss som engasjerte, inkluderande og nære m.v.?

4.3 FN sine berekraftsmål



Ei bærekraftig utvikling handlar om å tilfredsstille behov vi har i dag utan å øydelegge for framtidige generasjonars moglegeheiter til å tilfredsstille sine behov. FN sine medlemsland har vedteke 17 globale felles mål for ei bærekraftig utvikling, og desse blir førande for norsk utviklingspolitikk fram mot 2030. Gjennom å bruke FN sine bærekraftsmål kan vi handle lokalt og tenkte globalt. Korleis

finne gode lokale løysingar på globale utfordringar som klimaendringar, ein venta lågare økonomisk vekst og aukande sosial ulikskap?

Det vil vere svært krevjande å satse på alle berekraftsmåla i ein kommuneplan, og ein del av planarbeidet vert å jobbe med korleis vi skal jobbe med berekraftsmåla i Sunnfjord kommune. Kva målsettingar er mest relevante for oss? Kva målsettingar ynskjer vi å prioritere? Korleis kan vi måle at vi er på rett veg? Fleire nye, samanslåtte kommunar, som t.d Asker og Sandefjord, har valt å nytte berekraftsmåla som rammeverk for kommuneplanarbeidet. Eksempel frå desse kan gje oss hjelp i å oversette dei globale måla til ein lokal kontekst og verktøy for å skape relevante indikatorar for lokal resultatmåling.

4.4 Arealstrategi

Eit viktig prinsipp i plan- og bygningslova er at det skal vere ei sterkare kopling mellom samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal gje føringar for kommuneplanen sin arealdel, t.d. folketalsutvikling og utbyggingsmønster. For å tydeleggjere kva føringar samfunnsdelen legg for arealdelen, ynskjer vi å ha arealstrategi som eige tema i samfunnsdelen. Vi er meiner det er viktig å tydeleggjere dette mellom anna på grunn av:

- Vi har no 4 kommuneplanar med tilhøyrande kommunedelplanar som skal bli til ein felles plan.
- Vi har føringar i interkommunal plan for klimaomstilling som er viktig å ta med vidare
- FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for kommunen sin arealpolitikk.

5 Organisering av planarbeidet

5.1 Prosjektorganisering

Arbeidet med kommuneplanen og planstrategien er organisert som eit prosjekt med formannskapet som styringsgruppe, og med Sunnfjord kommunestyre som oppdragsgjevar og vedtaksmynde.

Prosjektet har ei prosjektgruppe frå administrasjonen:

| | |
|----------------|---|
| Prosjektleder | Liv Janne Bell Jonstad, rådgjevar fagutvikling |
| Prosjektgruppe | Odd Harry Strømsli, einingsleiar areal og byggesak Julie Daling, By- og arealplanleggar Trond Ueland, einingsleiar næring og samfunn Ørjan Stubhaug, rådgjevar næring og samfunn |

| | |
|------------------|---|
| Referansegrupper | Nærmiljøråda (5 stk) Dei politiske utvala (3 stk) Kommunale råd (3 stk) Sunnfjord utvikling Leiargruppa/einingsleiargruppa i Sunnfjord kommune Elevråd i skulane i Sunnfjord kommune |
|------------------|---|

5.2 Overordna framdriftsplan

| Hending | 2020 | | | | 2021 |
|---|------|--|--|-------------------------|------|
| | K1 | K2 | K3 | K4 | K1 |
| Arbeid med kunnskapsgrunnlag og utviklingstrekk | | | | | |
| Utarbeide utkast til planprogram | | | | | |
| Utlegging av planprogram på høyring og vedtak | | Høyringsvedtak 12.03.20 Vedtak formannskap 07.06.20 | | | |
| Utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi – medverknadsprosess | | Medverknadsprosessar mai/juni-20 - Råda 09.06 - Utvala 11.06 | Planstrategi til høyring Formskap 03.09.20 | Samfunnsdel til høyring | |

| | | | | | |
|---|--|--|--|------------------------------|---------------------------------|
| r og høyringsutkast til plan | | | | | |
| Planvedtak – kommuneplanen sin samfunnsdel med planstrategi | | | | Vedtak planstrategi 29.10.20 | Vedtak samfunnsdel i jan/feb-20 |

5.3 Medverknad

Sunnfjord kommune er oppteken av at samfunnsdelen skal vere eit reelt styringsverktøy, med brei politisk forankring. Vi har lagt opp til ein stram framdriftsplan med vedtak på samfunnsdelen på nyåret 2021. Medverknadsprosessane vil dimensjonast med tanke på politisk eigarskap og vi er oppteken av planen sin gjennomføringsevne.

Plan- og bygningslova stiller krav til eit minimum av medverknad i samband kommuneplanarbeid. Kommunen vil nytte ein kombinasjon av kjend medverknadsmetodikk, og bruke eksisterande strukturar (råd, utval, nærmiljøråd). Det vil bidra til at Sunnfjord kommune lukkast med ein effektiv planprosess, samstundes som at brei innbyggjarmedverknad er oppretthalddt.

Kommunen er oppteken av at vi skal motverke sosiale helseskilnader gjennom å løfte fram grupper og ta i vare dei unge sine oppvekstvilkår.

Koronapandemien utfordrar oss i forhold til å utøve medverknad på ein god måte, og vi må i større grad tenkje digital medverknad. Grupper vi særleg ynskjer å involvere i medverknadsprosessen er:

- Innbyggjarane generelt
- Politikarane
- Nærmiljøråda
- Kommunale råd og utval
- Born og unge
- Innvandrarar
- Fylkesmann, fylkeskommune og andre statlege og regionale aktørar

Metodar vi vil nytte:

- Digital medverknad ut mot innbyggjarane på konkrete problemstillingar (spørjeundersøking, nettmøte)
- Digital paneldebatt med t.d. politikarar eller nærmiljøråda
- Bruk at kommunen sine kanalar i sosiale media
- Bruk av skuleoppgåver for å utfordre born og unge
- Planforum: Medverknad og samarbeid med fylkeskommune, fylkesmann og andre statlege og regionale aktørar vil vi nytte regionalt planforum. Sunnfjord kommune vil tinge regionalt planforum før høyring av planprogram og planforslag.

5.4 Detaljert framdriftsplan

| | Kva | Ansv ar | Fe b | Mars | Apr il | Mai | Jun i | Juli | Aug | Sep t | Ok t | Nov | Des | Jan/feb- 21 |
|--------|---|------------|---------|------------------|-----------|------------------|----------|------|------------------|----------|---------|------------------|-----|----------------|
| 1 | Kunnskapsgrunnla g og statistikk | PRO | X | x | | | | | | | | | | |
| 2 | Utarbeide forslag til planprogram | PRO | X | X | | | | | | | | | | |
| 3 | Drøfting av planprogram i leiargruppa | PRO | | X | | | | | | | | | | |
| 4 | Politisk handsaming i formannskapet av planprogram – høyringsutkast | F | | X (19.0 3) | | | | | | | | | | |
| 5 | Høyringsperiode – planprogram | | | x | X | x | | | | | | | | |
| 6 | Fastsette planprogram i kommunestyret | K | | | | X (28.0 5) | | | | | | | | |
| 7 | Politisk verkstad – kommunestyre og utval | PRO | | | | X | X | | | | | | | |
| 8 | Medverknadspros essar | PRO | | | x | X | X | | | | | | | |
| | Leiargruppa | | | | X | X | X | | | | | | | |
| | Einingsleiarane (29.05) | | | | | X | | | | | | | | |
| | Nærmiljøråda | | | | x | X | | | | | | | | |
| | Politikarane | | | | | | X | | | | | | | |
| | Eleveråd | | | | | X | X | | | | | | | |
| | Digitale innspel | | | | | X | X | | | | | | | |
| 9 | Planstrategi til utlegging til høyring | F | | | | | | | X (27. 08) | | | | | |
| 1 0 | Planutkast til samfunnsdel til høyring | | | | | | | | | | | x | | |
| 1 1 | Vedtak på planstrategi | K | | | | | | | | | | X (17. 11) | | |
| 1 2 | Vedtak på samfunnsplan | | | | | | | | | | | | | x |

*PRO = Prosjektgruppe F=Formannskap K=Kommunestyre